

# Kyrkje og kultur i Sirdal



**Kvardags-  
integrering**

Side 4-6

**Ny prest på plass**

Side 8-9

**Kultursidene**

Side 18-28

## «Elskar du meg?»

Sirdal har fått ein ny prest. Eg er no på plass og har funne meg godt til rette. Framleis ser eg at her er mykje å setja seg inn i. Men eg gler meg, for det er ei viktig og meningsfull oppgåve eg går inn i.

Eg har ofte tenkt på måten Jesus tok seg av Peter på etter at han fornektet Jesus. Etter oppstoda møttest dei to, og Jesus fekk hjelpa han til å leggja det vonde bak seg og samstundes klargjera sitt forhold til Jesus.

For Jesus var det viktig å få svar på følgjande spørsmål:  
«Peter, elskar du meg?» Peter svara: «Ja, Herre.» Tre gonger spurde Jesus, tre gonger måtte Peter svara. Og kvar gong sa Jesus: «Fø mine lam, lei mine sauer.»

Peter vart ein stor leiari for kristenflokkene i Jerusalem.

Som prest er dette viktig for meg òg: Å elska Jesus og leva i hans kjærleik. På det grunnlaget skal eg få ta meg av sauene, kyrkjelyden. Alle treng mat for å leva. Eg ynskjer å forkynna Guds ord så det vert til hjelp for den einskilde.

**Rolf Eriksen**

## Velkomen til oss Rolf!

Vi i Sirdal er veldig glade for at vi har fått ny prest, og at vi har fått deg!

Det er mangel på prestar i Noreg no. Samstundes er det slik at kyrkja sin økonomi gjer at det vert skore ned på prestetenesta for å klara halda budsjetta.

For fire år sidan vart prestetenesta i Sirdal skoren ned til 80 % stilling ved at presten i Sirdal no må tenestgjera 20 % i Flekkefjord.

Då det i fjor vart klart at Sigurd ville slutta si teneste, fekk vi berre garanti for at vi no skulle få minst 60 % stilling her. Alle gode krefter gjorde ein stor innsats for at vi framleis skulle få 80 % stilling. Stor takk til Henning, Sigurd, ordføraren, soknerådet og andre for det.

Vi greidde å overtyda leiinga i bispedømmet om at vi minst måtte ha 80 %

når vi samanlikna oss med andre og deira tenestetilbod.

Likevel var det slett ikkje sikkert at vi ville få ny prest her både grunna prestemangelen og at buplikta for pres-tane er teken bort.

Heldige har vi vore som har fått deg Rolf, ein erfaren prest med ein bakgrunn som høver godt for oss her i Sirdal, og som bur så nære som i Hovsherad.


Ein krevjande start på tenesta har du verkeleg fått med så mange gravferder på kort tid. Travelt, men og positivt ved at du kjem i så nær kontakt med dei mange pårørande så tidleg i tenesta. Vi høyrer alt at folk tykkjer vel om den kontakten, og den måten du møter dei på.

Velkomen til tenesta her hjå oss, og lukke til i arbeidet!

**Lars Audun Fodstad**

## 500 år sidan reformasjonen 1517 - 2017

Det er i år 500 år sidan munken Martin Luther spikra opp dei 95 tesene på kyrkjedøra i Wittenberg, og med det innleia det vi kjenner som reformasjonen. Dette vil bli markert i kyrkjer i heile den lutherske verda, også her i Sirdal. Vi kjem attende til feiringa i neste nummer av Kyrkje og kultur, men røper allereie no at det kvar gudsteneste framover vil vere ei salme som er knytt til jubileet.



# Miljøtipset: Chili sin carne

Medan folka på jorda blir stadig rikare, et nye grupper meir kjøt. Det set spor i forureiningsstatistikken. Om lag 15 % av globale, menneskeskapte klimagass-utslepp kjem i dag frå husdyrproduksjon. Dette skuldast hovudsakleg lystgass frå fødyrking, skoghogst og metangass-utslepp. På verdsbasis blir store mengder skogareal nedhogd til fordel for beitemarker. Desse kunne elles ha lagra CO2. Drøvtyggjarar si raping bidreg og til betydelege utslepp av metangass, som påverkar klimaet svært aggressivt.

Vi som samfunn, kan redusere desse klimagassutsleppa, ved å etterspørje mindre kjøt.

Dette krev at enkeltpersonar vel bort kjøtet eit måltid innimellom. Kanskje kan ei oppskrift hjelpa til?

Du har kanskje høyrte om Chili con carne? Det er ein «berykta» gryterett frå Texas, med meksikanske anar, og mykje smak. Tradisjonelt består gryta av kjøt, bønner, og grønnsaker, men denne utgåva



er ein vegetarisk variant, kalla chili sin carne. Namnet tyder «chili utan kjøt».

## Ingrediensar:

- 4 porsjonar
- 1 lauk
- 1 raud paprika
- 1 chil
- 3 ss olivenolje
- 1 boks hakka tomatar
- 2-3 fedd kvitlauk
- 1 grønsaksbuljongterning
- 2 boksar kidney-bønner
- 1 boks mais

## Framgangsmåte:

Hakk opp lauk, paprika og chili, og fres det i olje. Tilsett deretter hakka tomatar, ein

smuldra buljongterning og kvitlauk (pressa eller finkutta). La alt putre på svak varme i 20 minutt. Bland så i bønne, og la dei bli gjennomvarme. Tilsett mais like før servering.

Retten kan serverast med ris, salat eller brød. Lukke til!

Tekst og foto: **Ane Bendikte Haugom**

## Kyrkje og kultur i Sirdal: nr 1/2017

### Utgjevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

### Fire utgåver pr år.

### Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Henning Huseby Jansen.

### Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

### Abonnement

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i

Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

### Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad  
Tlf 38371600, e-post: [post@sirdal.kyrkja.no](mailto:post@sirdal.kyrkja.no)

**Framsida:** Påskeaftan 2008 på Marestøl.  
Tore Haugom held andakt før Espelirennet som startar rett etter andakten.

**Foto:** Sven-Egil Testad

**Trykk:** Synkron Media

## TAKK TIL ANE BENDIKTE!

Når Ane Bendikte no leverer frå seg si freistande oppskrift på Chili sin carne, er det hennar fjortande bidrag i spalta Miljøtipset. Det er imponerende, og redaksjonen vil takke henne for flotte tips når ho no takkar for seg i denne omgang. Lukke til vidare med studiar og anna!

# Grenselause vener.

Me fekk alle invitasjon til å verta flyktningeven sist sommar, og nokre følgde oppfordringa. Derfor var det stas å slå av ein prat med Morten og Malek i den nye frisørsalongen til Malek i Tonstadhallen.

Morten Skretting har vore flyktningeven sidan sommaren 2016. Kvifor ville han det, ein oppteken småbarnsfar med eige fliseleggingsfirma? Han fortel at han kontakta NAV og dei kobla han vidare til Malek.

## Treffest når det passar

Malek Aioub kjem frå Damaskus i Syria. Dei treffest når det passar, stundom

heime hjå Malek, og framover trur Morten det vert greit å stikka innom i salongen i Tonstadhallen. Dei pratast også på telefon og Facebook. På spørsmål om kvifor Morten ville vera flyktningeven, svarer han: *«Eg ville læra meir om ein annan kultur og eg tenkjer me har alle eit ansvar for at integreringa av dei som kjem, skal verta god. Venskapet med Malek gjer meg rikare.»*

## Vonde minne

Malek kan fortelja om ei vanskeleg og tøff reise til Europa. Han kom via Egypt og var på havet lenge. Det var 200 personar i båten og på slutten av turen hadde dei ikkje mat og mest ikkje vatn. Det gjer vondt å tenkja attende på tida på flukt. Så lyser han opp og gjentek fleire gonger at det vart lettare etter kvart som han vart kjend med folk her i Sirdal, og kontakten med Morten er viktig. *«Morten er min ven, eg vart glad då eg fekk veta at*

*«Me har alle eit ansvar for at integreringa av dei som kjem, skal verta god»*

*han ville vera flyktningevenen min», smiler Malek.*

## Kvar si bedrift

Morten vil gjerne høyra om livet i Damaskus, om frisørsalongane Malek hadde der, om foreldre og søsken han reiste frå. Malek vil gjerne spørja om korleis han kan forstå det norske samfunnet og ord og uttrykk han er usikker på. No har dei kvar si vesle bedrift, så Morten kan koma med praktiske



*«Morten er min ven, eg vart glad då eg fekk veta at han ville vera flyktningevenen min», smiler Malek.*

råd om det og. Mykje er ulikt, særleg synest Malek det er rart at etter kl.16 er mest ingen ute. Han saknar å gå ut og møta andre. «*Når det vert fred i Syria, skal Morten vera med meg så han får oppleve at mykje er fint der òg*» smiler Malek.

### Slå av ein prat

Fram til det kan skje, vonar båe at folk vil stikka innom salongen til Malek og fiksa frisyren, men også koma for å slå av ein prat og drikka litt te. Malek vil gjerne ha ope utover kvelden eit par gonger i veka, så kan folk koma innom etter dei har vore på arbeid. Det trur Morten er lurt og han vil anbefala sine vener å gå innom i salong Surprise. Der har Malek innreia med ein artig miks av Syria og Norge.

### Kan anbefalast!

Vi må høyra om Morten vil råda andre til å verta flyktningeven, og svaret kjem fort: «*Ja, det er fint å kjenna desse nye sirdølane som me møter rundt omkring. Eg vert i godt humør når eg møter Malek og eg lærer noko heile tida.*» Malek vil og gjerne seia at han ønskjer å verta kjend med folk.

*«Venskapet med Malek gjer meg rikare.»*

Han og dei andre flyktningane synest det er flott når folk tek kontakt og helser, snakkar og vil verta kjende. Mange av flyktningane snakkar godt norsk etter kvart, og det er viktig at dei får praktisera språket så mykje som mogeleg.



Morten får fiksa frisyren av sin syriske ven Malek.

Når statsministeren har gjeve oss nyordet i 2016: *Kvardagsintegrering*, så er det vel desse småtinga me alle kan gjera , ho peiker på?

Tekst og foto: **Solbjørg Tjørhom**

### Vil du bli flyktningeven?

Flyktningane som vert busett i Sirdal kommune ønskjer å bli kjent med folk som bur her og lære meir om den norske kulturen.

**Ingen er betre skikka til å gjere dette enn heilt vanlege folk!**

Under mottoet "Sammen om en god integrering" inviterer difor Flyktningetesta i kommunen og NAV deg til å bli flyktningeven.

Ring, send sms eller send mail for meir informasjon, til flyktningekonsulent Andrea van der Veen på 468 83 587 /



Følg oss på Facebook

**”Lik” gjerne kyrkja si facebook-side:**

**[www.facebook.com/Kyrkja i Sirdal](https://www.facebook.com/Kyrkja_i_Sirdal)**

# LØRDAGSCAFÉ TONSTAD BEDEHUS

Dette er ein møteplass for flyktningar, innvandrarar og bygdefolk, der samtalen er det viktige.

Det er Trine Røsstad Ousdal og Borghild Tonstad som står bak tiltaket. Saman med gode hjelparar står dei også for gjennomføringa. Samlingane er på Tonstad Bedehus kl 15.00 på lørdagar. Dette for at familiar kan få med borna, som også har sin eigen leikekrok der.

Tanken er at me skal møtast, bli kjende med kvarandre og ha det sosialt. Slik får tilflyttarane god norsktrening, som er eitt av



*Det kom fleire etter kvart.*



*Frå venstre: Senait, Trine, Teklebrhan, Ordum, og Ikran med Senait si vesle jente, Dlyet i armen.*



*Frå venstre: Senait, Weyni, Anne Turid, David, Ordum, Aesrom og Ragnhild.*

måla for samværa. Det er god mat frå Bakeriet, og heimebakt. Så har me også fått smake nasjonal rettar frå mellom anna Syria, Tyrkia, Somalia og Polen. Det har vore opp til 30-40 på desse kaféane, og me trur dette er eit verdfullt tiltak med omsyn til integrering. Takk til dykk som har fått dette til, og så er **DU** velkomen neste gong!

Tekst  
og  
foto:  
**Sven-  
Egil  
Testad**



*Frå venstre ved matbordet står Trine, Senait og Husam.*

# Kva for oppgåver har dei ulike utvala i kyrkja?

## Denne gongen: Kulturutvalet

Kulturutvalet er eit temmeleg ferskt utval i kyrkjelyden. Vi starta opp hausten 2013, og hadde vårt første arrangement i mars 2014, då vi markerte grunnlovsjubileet. Det vart ein flott start med foredrag av forfattar Edvard Hoem, korsong, mat og mykje folk.

Seinare har vi hatt besøk av kunstnaren Per Odd Aarrestad og arrangert ei "kunstreise" til fire av dei mange kyrkjene i Rogland der han har utsmykkinga. Våren 2015 hadde vi ein spennande temakveld om Hans Nilsen Hauge med Sigrid og Sigbjørn Ravnåsen frå Haugeinstituttet. Og i fjor vår var det Afrika-kveld med Einar Lunde. No planlegg vi ein ny spennande kveld i mars, og til hausten blir det ei ganske spesiell markering av reformasjonsjubileet. Det er berre å gleda seg!

Kulturutvalet har som formål å "arbeida for eit mangfald av kulturtilbod i regi av kyrkjelyden". Vi tek gjerne imot innspel til tema.

I utvalet er desse med: Magnar Undheim, Brynhild Berg, Ragnhild Josdal, Steinar Tjomlid, Astrid Haugom Tjørhom, Hanne Fodstad og kontor Kjetil Øygard Eidevik.

Tekst: **Hanne Fodstad** Foto: **Henning Huseby Jansen**



## Sirdal Blandakor - noko for deg?

Det er kjekt å synge i kor! Utruleg at den lille stemma mi kan vere med å skape noko fint saman med andre røyster. Samklang heiter det, og det blir forma på øvingane under leiing av dirigenten vår, Kjetil Øygard Eidevik.

Vi er ulike personar i ulik alder og med ulike røyster. Nokre er flinke og les noter, andre ser at notene går opp og ned, og andre forstår seg ikkje på notene, men bare lyttar til stemma si. Alt er like bra, og koret treng alle! Poenget er at vi likar å synge. Sunt er det også - reine mentalhygienien! Og dessutan har vi alltid ein god sosial pause med te og kaffi!

Songvalet varierer frå salmer, klassiske perler, åndelege songar, folkeviser og nasjonalsongar, så det er noko for einkvar. Sjølv om

det ikkje alltid kan vere favorittane mine, så lærer eg å verdsette nye toneskattar. Koret øver i Tonstad kyrkje kvar torsdag kl.19.30 - kl.21.30. Så velkomen til koret, både tidlegare og nye songarar!

Tekst: **Brynhild Berg**

Foto: **HHJ**

# Nypresten

*Ved nyttårskiftet starta Rolf Petter Eriksen som sokneprest i Sirdal. For mange er han ikkje heilt ukjend her, men det er likevel viktig å få ein grundigare presentasjon.*

Eriksen, eller berre Rolf som han likar å bli kalla, bur i Hovsherad. Han pendlar til Sirdal og syns under tre mil køyring kvar veg er heilt overkommeleg reiseavstand.

På spørsmål om kvar han er frå, svarar Rolf at han reknar seg frå Nærbø. Grun-



*Rolf og kona Aud slappar av utanfor eit hotell (lodge) i Kenya, på ei av sine mange reiser i Afrika.*

nen til at han nøler litt, er at han vaks opp som misjonærson i Etiopia, men når dei var i Noreg, budde dei på Nærbø der farslekta var. I Addis Abeba gjekk han på internatskule, mellom anna saman med «Ringvoldborna».

Kyrkje og kultur i Sirdal 8

Som vaksen gjekk han misjonsskule, og tanken var å reisa attende til Etiopia for Misjonsambandet. Då han og kona Aud var



*Det har etter kvart blitt ein stor gjeng med barneborn i familien, til sommaren ventar dei nr ni!*

reiseklare, vart dei sende til Tanzania då det var for stor politisk uro i Etiopia. Aud kjem frå Kvitsøy og er utdanna operasjons-sjukepleiar. I familien Eriksen vart det etter kvart fire born, tre gutar og ei jente. No er dei vaksne og bur frå Sandnes i vest til Oslo i aust. Til sommaren ventar dei sitt niande barneborn, så fritida vert gjerne brukt til å reisa på besøk eller få besøk av born og barneborn.

*«For meg er nok  
forkynnararbeidet  
det aller viktigaste»*

Tre av borna vart fødde i Tanzania, og dei gjekk på skule i Nairobi. Dermed måtte dei kryssa grensa mellom Kenya og Tanzania kvar gong dei var saman. Det var tidkrevande og slitsamt. Tida i Afrika var likevel viktig for dei alle og dei har vore attende på besøk og har framleis kontakt med venner der ute.

Etter 11 år i Tanzania, kom familien atten-



Rolf treivst godt på Lista, men er glad for at vegen frå Hovsherad til jobb no er blitt mykje kortare.

de til Hovsherad der dei hadde etablert seg med hus og budd under heimeopp-halda. Rolf reiste ei tid som forkynnar for Misjonsambandet og var også på Tonstad bedehus iblandt. Sidan vart



I tillegg til å vera oppteken av barneborna, likar Rolf også å mala.

han kateket i Heskestad og Moi, ei stil-ling han hadde i 15 år. Dei siste åra der arbeidde han redusert og studerte sam-

stundes teologi på Misjonshøgskulen i Stavanger. I 2010 var han ferdig utdanna prest og fekk stilling som kapellan på Lista. Han og kona budde i Vestbygda, men då ho vart pensjonist, flytta dei attende til Hovsherad og pendlarvegen vart lang. Når så spørsmålet kom om han kunne ta over som sokneprest i Sirdal, var det lett å takka JA.

### Mykje erfaring

Rolf har med seg mykje erfaring og er spent på tida han skal arbeida i Sirdal. Han er glad for teamet som arbeider ved kyrkjekontoret og han set pris på at barne- og ungdomsarbeidet er godt ivare-teke av Inger Solveig og frivillige. «For meg er nok forkynnararbeidet det aller viktigaste» seier Rolf, og peiker på kor viktig det er at alle har ein grunn-kunnskap om den kristne trua.

Så gler han seg til å verta betre kjend mellom anna med brukarane på Sir-dalsheimen og Tjørhom dagsenter.



Både Rolf og Aud likar å reisa. Her er dei på den kinesiske muren.

Vi vil ønskje Rolf Eriksen velkommen som vår nye sokneprest. Mange har alt møtt han no, og enno fleire møter han gjennom påska og våren.

Tekst: **Solbjørg Tjørhom**

Foto: **Privat**

## Kyrkjelyden sin årsfest

er i år lagt til Kvævemoen kapell **søndag 12.mars**. Festen byrjar med familiegudsteneste kl 16.00 (merk tida). Her blir det flott song av barn. Etter gudstenesta et vi saman, før barna går til sitt eige opplegg i kjel-laren. Oppe blir det song av blanda-koret, glimt frå året som ligg bak, årsmelding og intervju med Rolf Eriksen. Ei overrasking blir det òg...

# Ny aktivitetsdag på Kvæven


Det er klart for ny aktivitetsdag på Kvævemoen **påskeaftan, 15.april kl 12.00 - 16.00.**

Aktivitetane er varierte; dette er ein dag både for små og store.

Både fastbuande og turistar er velkomne!

**På programmet står mellom anna:**

- ⇒ Skirenn for barn kl.12.00, Infosenteret (kr 50,-)
- ⇒ Eggmåling for barn og vaksne, Infosenteret (kr 50,-)
- ⇒ Hundekøyring med polarhundar, golfbanen (kr 50,-)
- ⇒ Husflid på Fjellmuseet
- ⇒ Matsal: Grillmat på golfområdet. Vafler og kaffi på Infosenteret
- ⇒ Familiesamling utanfor kapellet kl 13.30 ved påskeprest Anne Margrethe Sunde
- ⇒ Foredrag i kapellet kl 15.00 (tema er ikkje avklart enno)



*Aktivitetdagen vert arrangert i samarbeid mellom Sirdal sokneråd, Sirdal Huskyfarm, Sirdal skilag, Sirdal historielag, Sirdalsferie og Sirdal fjellgolf.*

## Kyrkja sitt program i Øvre Sirdal elles i påska:

|                                 |                                         |
|---------------------------------|-----------------------------------------|
| Skjærtorsdag 13.april kl 10.45: | Påskeandakt Ålsheia skisenter           |
| Skjærtorsdag 13.april kl 20.00: | Nattverdgdusteneste Lunde kyrkje        |
| Langfredag 14.april kl 13.00:   | Friluftsgudsteneste Kvinnen turisthytte |
| Langfredag 14.april kl 18.00:   | Påskevandring utanfor Kvævemoen kapell  |
| 1.påskedag 16.april kl 11.00:   | Påskedagsgudsteneste Kvævemoen kapell   |



## Påske- prest i Øvre Sirdal



Anne  
Margrethe

Ree Sunde er ordinert prest og jobber ved Stavanger bispedømmekontor som personalrådgiver.

Anne Margrethe er gift og har tre barn fra 2-8 år.

Hun har mye erfaring fra barne- og ungdomsarbeid i KRIK, Normisjon og Misjonskirken Norge, og ser fram til å være påskeprest i Sirdal påsken 2017!

## TEMAKVELD TONSTAD KINO mandag 24.april kl 19.30:

### «SOM LILJENE PÅ MARKEN

### - om å leve enklere»

Foredrag og viser - denne kvelden handler om **gledene og friheten** ved å forsøke å leve enklere. **Barbro Raen Thomasen** - visuell kunstner og forfatter, og **Tore Thomassen** - musikant, forteller om sin vei gjennom livsvalg og hverdagsøyeblikk, og ønsket om å ha en grønn grunnmur i tilværelsen. Begge er Korsvei-veteraner med solid fartstid fra alment kulturliv og kirkelige sammenhenger.

Det blir servering av frukt og kaffi/te. Gratis inngang. Kollekt til dekning av utgifter. **Vel møtt til en interessant temakveld!**

*Arrangør: Arbeidsgruppa for Grøn kyrkjelyd*



## Spennende pilegrimsvandring 6.-15.mai med Sjømannskirken på Solkysten i Spania

Sjømannskirken på Costa del Sol arrangerer for tredje gang pilegrimsvandring. Vi vandrer i den vakre regionen Extremadura og følger «Sølvveien» som går nordover gjennom varierte spanske landskaper. Planen er å komme fram til Santiago om noen år. Vandringen starter lørdag 6.mai når pilegrimene ankommer El Campanario (sjømannskirken). På kvelden blir det felles middag, foredrag om pilegrimstradisjonen samt orientering om vandringen vi skal på. Søndag er det frokost, tidebønn, søndagsbuffet samt gudstjeneste på ettermiddagen før vi starter selve pilegrimsvandringen mandag morgen. Lengden på dagsetappene er fra 15 km til 25 km, noe som skulle være overkommelig for de fleste. Bagasjen blir fraktet med buss mellom etappene. Det er også mulig å stå over en dagsetappe om man har behov for det, siden vi har buss. Vandringsdagen starter med felles frokost og tidebønn og avsluttes med felles middag på kvelden. En av pilegrimene som gikk for første gang sist år sa følgende: «Dette er første gang jeg går pilegrim og jeg visste egentlig ikke hva jeg gikk til, men det har vært helt fantastisk. Og det å gå å tenke og reflektere over livet, både de små ting og de store ting og på valg videre. Dette er noe jeg trygt kan anbefale andre å være med på.»

*Solbjørg Tjørhom har vært med på vandringen tidligere, og deler disse bildene med oss:*



Selve pilegrimsturen varer til og med lørdag morgen, da reiser vi tilbake til El Campanario, og selve turen avsluttes med en pilgrimgudstjeneste på søndag. Velkommen til pilegrimstur på El Campanario! **Reidulf Ljøkjell Krosslid, sjømannsprest El Campanario**

Mer informasjon om turen får du ved å henvende deg til Sjømannskirken på telefon 55 55 22 56 eller sende e-post til [elcampanario@sjomannskirken.no](mailto:elcampanario@sjomannskirken.no)

**Det er allerede to sirdøler som har meldt seg på turen, så ikke nøl med å ta kontakt dersom du har lyst til å være med!**

## Konsert med Tonstad Barnekor & Sirdal Blandakor

**Torsdag 30.mars kl. 18.00** blir det konsert med Tonstad Barnekor og Sirdal Blandakor i Tonstad kyrkje. Kora skal m.a. syngje «Spill din glede» av Henrik Ødegaard. Dette er eit syngjespel for eit blandakor og eit eller fleire barnekor. Det blir også andre innslag frå kora. Det musikalske ansvaret står Ragnhild Maria Sandvik og Kjetil Øygard Eidevik for. **Kom og høyr Sirdal sine egne kor!**  
**KØE**

## Ny sangkveld i Haugdom kapell

Det blir ny sangkveld **fredag 10.mars kl 19.00** i Haugdom kapell. "Firkloveren" fra Gyland og Sirdalskameratene blir med, samt Eli Mari Hadland og Sissel Agathe Bø. Det blir også god anledning til å delta i allsangen. **Vel møtt!** **SAB**



## Kulturkveld tysdag 14.mars kl 19.00, Tonstad kino

Anne Berger Jørgensen har eit langt liv bak seg i kristent arbeid. Ho har alltid vore oppteken av dei minste blant dei små, dei som har falle utanfor.

Etter lærarskulen gifta ho seg med Tor Berger Jørgensen, og dei reiste til Japan som misjonærar. Der arbeidde dei i 15 år før dei kom tilbake og ho tok til med teologi-studiet. I 1995 vart ho ordinert. Ho har arbeidd som prest i Stavanger Domkirke og i Rønvik/Kjerringøy. Prestegjeringa avslutta ho som fengselsprest i Bodø fengsel. Ho var sentral i eit femårig prosjekt for Bodø kommune i samarbeid med Bodø kyrkjelege fellesråd under tittelen "Rett til åndeleg liv, også for personar med demens".

Når Anne kjem til Sirdal, vil ho ta utgangspunkt i likninga Jesus fortalte, i Matt-eusevangeliet, kap. 25: *"Når såg vi deg svoltet ... framand ... naken ... sjuk ... i fengsel"* - som utfordring i vår tid.

I tillegg til foredraget av Anne, vil Kjetil Øygard Eidevik synge. Det vert som vanleg også noko å bite i og ein kaffitår. Inngang: 100,- kroner. **Vel møtt!**

Tekst: **Magnar Undheim** Foto: **Privat**



## Vel møtt til VÅRSONG på ny plass

**Torsdag 27. april kl. 18.00** er det igjen klart for arrangementet «Vårsong». Tidlegare har dette arrangementet vore på grendehuset på Tjørhom, men i år vil me prøve noko nytt, nemleg å leggje det til **Sirdalsheimen**. Det vil bli sett opp skyss frå Øvre Sirdal, kontakt kyrkjesenteret på dagtid på tlf. 38 37 16 00 seinast dagen før om du treng skyss. Det er diakoniutvalet i kyrkjelyden i samarbeid med Sirdal Blandakor som står for arrangementet, så blandakoret skal naturlegvis syngje. Det blir også ein del allsong, andakt, mat og andre innslag. Kollekt til dekking av utgiftene. Me vil gjerne poengtere at dette er eit **ope arrangement der alle uansett alder** er hjarteleg velkomne!

**KØE**



## Soknerådsmøter i 2017

Soknerådet har normalt sju møter i året. Rådet tek opp mange viktige saker som mellom anna gjeld trusopplæring for barn og unge, korleis møte flyktningar, kva organisasjonar som skal få takkoffer, drift og vedlikehald av dei fire kyrkjebygga våre, gravplassane, økonomi og rammene for dei tilsette i kyrkja. Og mykje meir.

§9 i Kirkeloven seier at rådet "skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet".

Møtene vert stort sett haldne på Kyrkjesenteret kl 09.00. Dei er åpne, og er i 2017 lagt på følgjande datoar:


**25.januar, 15.mars, 3.mai, 14.juni,  
30.august, 11.oktober og  
29.november.**

# Gardsnamn i Sirdal: Dorga

Garden Dorga ligg der Sirdal er på det trongaste, vest for den store fossen kalla Dorgefossen. Garden har i dag tre bruk. På det meste har det budd over 20 menneske der, men i dag er det berre fire fastbuande. Garden er brattlendt, og det vert fortalt at før foreldra slapp ut dei yngste, batt dei barna med eit langt tau til eit tre e.l. slik at dei ikkje skulle ramla utfor og ned i fossen. Namneforskarar er usamde om tydinga av namnet Dorga og Dorgefossen. Opphaveleg kjem namnet truleg frå eit indogermansk ord som tyder “å skjera gjennom”. Dette kjem av elva og fossen som “skjer” seg gjennom fjellet. Andre trur at det kjem av ordet dorg, som på einskilde dialekt kan tyde eit fiskereidskap med langt snøre og krok”.

Garden er svært gamal, busett alt før Svartedauen som ramma dalen i 1349. Fyrste gongen garden er omtala skriftleg er i 1605.

Det finst mange gamle segn knytt til garden og fossen. I eit av desse vert det fortalt at for lenge sidan vart ein mann skulda for å ha gjort noko som gjorde at han burde avrettast. Men sidan domarane var usike vart ein samde om at dersom mannen kunne hoppa over Dorgefossen tyda det på at han var skuldlaus og skulle sleppa fri. Mannen hoppa, og klara det. Men så vart han så sjølvsikker at han meinte han verkeleg skulle visa alle kor uskuldig han var og ville hoppa attende over fossen. Denne gongen klara han det



ikkje og omkom. “Hovmod står for fall” som det heiter.

Nåverande bru vart bygd i 1919. Før det var det berre ei smal gangbru laga av tre stokkar. I dag går det god veg til garden, men før i tida var det berre smale stiar der ein måtte ta seg fram til fots om sumaren og på ski når det låg snø. Dette gjorde nok folk i området til dyktige skilauparar. I ei reiseskildring frå midten av 1800 talet fortel ein mann at han sto på austsida av den gamle brua og såg på ein ung mann som sto på toppen av haugen på andre

sida. Brott sette mannen utfor lia, og utan å seinka farten rann han rett over den smale brua.

Etter at Sira vart leia i tunell frå Handeland til Tonstad, har fossen mista mykje av “fordoms kraft og velde”. Men og i dag kan fossen til tider vera imponerende. Det er ikkje for ingenting at det heiter i det gamle gardsrimet:

*«Dorgefossen døyra, dott i øyra, ingjen kan høyra».*

Tekst: **Steinar Tjomlid**

Foto: **Per Magne Sinnes**

# Verksemd på Tonstad bedehus

## Mars

Torsdag 2. kl 19.30 Temakveld  
Søndag 5. kl 19.30 Årsmøte  
Torsdag 9. kl 19.30 Årsmøte NLM  
Søndag 12. kl 17.00 Storsamling  
Torsdag 16. kl 19.30 Nattverdmøte  
Søndag 19. kl 19.30 Møte NMS  
Torsdag 23. kl 19.30 Bønesamling  
Fredag 24. kl 18.00 Kvinatunbasar  
Søndag 26. kl 11.00 Storsamling  
Tirs 28.mars-sø 2.apr Møteveke IMF

## April

Tirs 28.mars-sø 2.apr Møteveke IMF  
Torsdag 6. kl 19.30 Bønesamling  
Søndag 9. kl 17.00 Familiesamling  
Torsdag 20. kl 19.30 Nattverdmøte  
Søndag 23. kl 11.00 Påskefest i  
Tonstad kyrkje

Torsdag 27. kl 19.30 Bønesamling  
Søndag 30. kl 19.30 Møte IMF

## Mai

Torsdag 4. kl 19.30 Bønesamling  
Søndag 7. kl 11.00 Storsamling  
Torsdag 11. kl 19.30 Bønesamling  
Lørdag 13. kl 14.00 «Sprell levende»  
på Eliastunet  
Søndag 14. kl Møte NLM  
Torsdag 18. kl 19.30 Nattverdmøte  
Søndag 21. kl 11.00 Storsamling

## Juni

Mandag 5. kl 17.00 Storsamling (2.pi)  
Søndag 11. kl 19.30 Møte IMF  
Søndag 18. kl 11.00 Sommaravslutning  
Meir info kjem.

## ALPHA-kurs

Denne våren arrangerer bedehuset Alpha-kurs mandagskveldar frå kl 20.00.

Kurset tek for seg sentrale punkt i den kristne trua. Kurskveldane inneheld ein god kveldsmat, undervisning og gruppesamling. Har du lyst til å bli med? Meir info kan du få hos Svein Sturla Tonstad 908 50 730 eller Jørgen Tjørhom 913 12 402.

Vi legg ut det meste av relevant informasjon om aktivitetar på vår nye Facebookside, *Tonstad bedehus*. Sjå innom og bli ein av dei som «liker»

## Takk til våre støtteannonsørar for viktig økonomisk støtte:

### Fjellbutikken AS

Storås 3, 4443 Tjørhom, tlf 38370010  
E-post: fjellbutikken@ngbutikk.net

### GP Tjørhom

Svartevatn, 4443 Tjørhom, tlf 38371241  
E-post: joker.sinnes@ngbutikk.net

### Infoskjermen

E-post: support@infoskjermen.no  
www.infoskjermen.no

### Kjell Hergot - digitalisering av bilder/filmer

Guddal 21, 4440 Tonstad  
tlf 971 68 647  
E-post: k-hergot@online.no

### Omlidbutikken AS

Sirdalsveien 6114, 4440 Tonstad, tlf 38371857  
mobilnr 90818973  
narbutikken.omlid@narbutikken.no

### Sageneset feriesenter AS

4443 Tjørhom, tlf 38371300  
E-post: feriesenter@sageneset.no  
www.sageneset.no

### Sinneshytta AS

Tlf. 38 37 74 22, mob. 977 29 183  
E-post: tor.sigve.vik@sinneshytta.no  
www.sinneshytta.no

